



Kommunal- og moderniseringsdepartementet  
Postboks 8112 Dep  
0032 OSLO

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Kåre Træen, 5764 3004

## Fordeling av skjønnsmidlar til kommunar etter ekstra utgifter og smittetal for covid-19 i 1. halvår 2021

Vi viser til dykkar brev av 20. april om fylkesvis fordeling av ekstra skjønnsmidlar grunna covid-19.

Ekstra skjønnsmidlar skal prioriterast til kommunar med høge utgifter til oppfølging av TISK-strategien og smittevern som følgje av lokale smitteutbrot. Med grunnlag i statsforvaltarane sine kartleggingar av ekstra utgifter i kommunane, har Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) av ei samla løyving på 1,5 mrd. kroner fordelt 220 mill. kroner til Vestland.

Statsforvaltaren i Vestland har gjennomført kartleggingar for ekstra utgifter i kommunane. Til kartlegginga vart det nytta eit felles skjema utarbeidd av KMD, som skal bidra til best mogeleg samanliknande innrapporteringar mellom fylke og kommunar. Det var netto driftsutgifter til smittevern og oppfølging av TISK-strategien innan helse- og omsorg, grunnskule og barnehage som først og fremst vart kartlagt. Mindreinntekter var ikkje ein del av kartlegginga. Til saman rapporterte 40 av dei 43 kommunane i Vestland 263 mill. kroner i påløpte ekstra netto driftsutgifter knytte til smittevern og TISK-arbeidet for perioden 1. januar til 15. mars, og eit anslag frå 16. mars til 30. juni på 380 mill. kroner.

I brevet om fordeling av fylkesramme har KMD gjeve følgjande retningslinjer for fordelinga:

- *Det er berre kommunar som får tilskot.*
- *Tildelinga av skjønnsmidlane skal vere målretta til kommunar med høgast meirutgifter grunna smittevern og oppfølging av TISK-strategien som følge av pandemien.*
- *Statsforvaltarane sender sine kommunevise fordelingar til departementet innan 14. juni.*
- *Det blir ikkje bede om rapportering til departementet på bruk av midlane.*
- *Midlane blir utbetalte i rammetilskotet termin 7.*

I fordelinga av 220 mill. kroner til kommunane har vi brukt følgjande modell/kriterium:

- rapporterte påløpte ekstra utgifter frå kommunane i perioden 1. januar – 15. mars (30 prosent)
- anslag frå kommunane på ekstra utgifter for perioden 16. mars – 30. juni (15 prosent)



- Folkehelseinstituttet (FHI) sin kommunefordelte statistikk for tal smitta personar i perioden 1. januar – 31. mai (40 prosent)
- FHIs smittetal i kommunane per 1000 innbyggjar for perioden 1. januar – 31. mai (15 prosent)
- minimumsbeløp på kr 250 000 (kommunar som ikkje har rapportert om ekstra utgifter og kommunar som kjem under dette beløpet berekna etter modellen)
- samla vurdering av sum skjønnsmidlar etter smittetal og innmelde ekstra utgifter for kvar kommune.

Gjennom bruk av modellen med kriteria og skjønnsvurderingar, meiner vi at det blir teke omsyn til kommunar som har hatt ekstra utgifter ved større smitteutbrot etter 15. mars.

Statsforvaltaren ber om at følgjande fordeling blir utbetalt til kommunane gjennom rammetilskotet:

Kommune	beløp i 1000 kroner
K-4601 Bergen	130 000
K-4602 Kinn	2 700
K-4611 Etne	700
K-4612 Sveio	1 600
K-4613 Bømlo	1 700
K-4614 Stord	6 800
K-4615 Fitjar	1 000
K-4616 Tysnes	250
K-4617 Kvinnherad	2 800
K-4618 Ullensvang	3 200
K-4619 Eidfjord	800
K-4620 Ulvik	4 400
K-4621 Voss	3 800
K-4622 Kvam	4 200
K-4623 Samnanger	1 100
K-4624 Bjørnafjorden	5 600
K-4625 Austevoll	700
K-4626 Øygarden	10 000
K-4627 Askøy	9 200
K-4628 Vaksdal	1 750
K-4629 Modalen	250
K-4630 Osterøy	1 500
K-4631 Alver	4 300
K-4632 Austrheim	750
K-4633 Fedje	250
K-4634 Masfjorden	250
K-4635 Gulen	900
K-4636 Solund	500
K-4637 Hyllestad	500
K-4638 Høyanger	700
K-4639 Vik	700



Kommune	beløp i 1000 kroner
K-4640 Sogndal	2 100
K-4641 Aurland	250
K-4642 Lærdal	250
K-4643 Årdal	700
K-4644 Luster	700
K-4645 Askvoll	500
K-4646 Fjaler	350
K-4647 Sunnfjord	4 000
K-4648 Bremanger	750
K-4649 Stad	5 300
K-4650 Gloppen	700
K-4651 Stryn	1 500
<b>Sum Vestland</b>	<b>220 000</b>

Med helsing

Gunnar O. Hæreid  
fung. statsforvaltar

Nils Erling Yndesdal  
kommunaldirektør

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Kopi: Kommunane i Vestland